

Prop. 36 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet for 2010 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 19. november 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen i hovudsak endringar i løyvingar under programkategoriane 21.10 Administrasjon, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar.

2 Programkategori 21.10 Administrasjon

Kap. 1300 Samferdselsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Staten sin eigarskap i Posten Norge AS blir forvalta av Samferdselsdepartementet. Samferdselsministeren er generalforsamling i selskapet. Postens dotterselskap ErgoGroup AS er fusjonert med EDB Business Partner ASA. I samband med fusjonsprosessen sommaren 2010 engasjerte Samferdselsdepartementet som eigar av Posten ein ekstern konsulent som rådgivar for departementet. Kjøpet av denne tenesta var nødvendig for at departementet som eigar i ein så vanskeleg og spesiell sak kunne gjennomføre ei forsvarleg saksbehandling. Samferdselsdepartementet foreslår

derfor å auke løyvinga på kap. 1300, post 01 Driftsutgifter, med 2,25 mill. kr.

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Kontingentane til dei internasjonale organisasjonane som Samferdselsdepartementet er medlem i, blir betalte i utanlandsk valuta. Frå kontingentane blei budsjetterte og fram til utbetalingstidspunktet har valutakursane blitt høgare for nokre organisasjonar. Vidare har det har vore ein reell auke i kontingentane til nokre organisasjonar. På denne bakgrunn foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 1300, post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar, med 2,6 mill. kr.

3 Programkategori 21.30 Vegformål

Kap. 1320 Statens vegvesen

Post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.

Det har vore ekstraordinære utgifter på riksvegnettet knytt til utbetringar og reparasjon av skadar etter flaum og ras i Nord-Noreg tidlegare i år. Dette gjeld skadar som følgje av setningar og utvasking av delar av riksvegnettet og på Garra-

johka bru på rv 93 i Alta kommune. Kostnadene er rekna til 25 mill. kr i 2010.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegnettet m.m., med 25 mill. kr.

Realistisk budsjettering av inntekter

På grunn av endra inntektsoverslag på kap. 4320, post 03 Refusjonar frå forsikringsselskap, foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., med 51 mill. kr, jf. omtalen under kap. 4320, post 03. Auken i løyvinga har ikkje nokon effekt på aktivitetsnivået i Statens vegvesen.

Oppsummering

På denne bakgrunn foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar m.m., med i alt 76 mill. kr.

Post 30 Riksveginvesteringar

Nasjonal transportplan 2010-2019 og Statens vegvesen sitt handlingsprogram 2010-2013 legg opp til ein vesentleg auke i rammene til riksveginvesteringar. Auken i ramma gjer at det er nødvendig med meir midlar til planlegging, slik at framdrifta i prosjekta kan halde fram.

For å setje Statens vegvesen i stand til å gjennomføre prosjekta i Nasjonal transportplan 2010-2019 er det nødvendig å auke løyvinga med 50 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar, med 50 mill. kr.

Post 72 Kjøp av riksvegferjetenester

Det er gitt fritak for den nye CO₂-avgifta for gass til bruk i innanriks sjøfart. ESA har ikkje hatt innvendingar til dette fritaket. Innføringa av den nye CO₂-avgiften medfører at energiavgifta på gass ikkje blir innført. I budsjettet for 2010 er det både over kap. 1320, post 72, og kap. 572, post 60 Innbyggjartilskot, løyvd kompensasjon for energiavgift på gass. Dette er rekna til om lag 2,72 mill. kr over kap. 1320, post 72, og 0,1 mill. kr over kap. 572, post 60.

Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1320, post 72 Kjøp av ferjetenester, med 2,72 mill. kr.

Kap. 4320 Statens vegvesen

Post 03 Refusjonar frå forsikringsselskap

Statens vegvesen mottek innbetalningar frå forsikringsselskap. Dette gjeld faktiske utgifter for skadar som køyretøy har påført m.a. vegutstyr. Refusjonane har ei tilsvarende utgiftsside. Inntektene kan variere frå år til år, noko som gjer at det kan vere vanskeleg å fastsetje nivået ved budsjetteringa. Det er derfor knytt ei meirinntektsfullmakt til posten.

Inntektene på post 03 er venta å utgjere om lag 80 mill. kr i 2010. Dette er 51 mill. kr meir enn det er budsjettert med. Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 4320, post 03 Refusjonar frå forsikringsselskap, med 51 mill. kr, jf. kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.

E39 Hjartåberga i Møre og Romsdal - rassikring

Prosjektet er omtalt i St.meld. nr. 16 (2008-2009), side 232, Prop. 127 S (2009-2010), side 5, og Prop. 1 S (2010-2011), side 96 (tabell) og 97.

I Prop. 1 S (2010-2011) blei det opplyst at kommunestyret først kan behandle reguleringsplanen når kulturminnestyresmaktene har frigitt aktuelle kulturminne, truleg hausten 2010. I tabellen på side 96 blei styringsramma oppgitt til 482 mill. kr og kostnadsramma til 530 mill. kr, omrekna til 2011-prisnivå. Styrings- og kostnadsramma var usikker og førebels. Samferdselsdepartementet skulle kome tilbake til Stortinget så snart lokale avklaringsar var på plass.

Volda kommunestyre godkjente reguleringsplanen i møte 14. oktober 2010. Vilråa til kulturminnestyresmaktene er tekne inn i føresegnene til planen. Statens vegvesen har gått gjennom kostnadene etter godkjenninga av reguleringsplanen. Etter dette legg Samferdselsdepartementet til grunn ei styringsramme på 469 mill. 2009-kr og ei kostnadsramme på 516 mill. 2009-kr. Omrekna til 2011-prisnivå er styringsramma 492 mill. kr og kostnadsramma 541 mill. kr.

Det blir lagt opp til anleggsstart i januar 2011. Prosjektet er planlagt opna for trafikk i 2013.

Fv 661 Straumsbrua i Skodje kommune i Møre og Romsdal

Gjennom behandlinga av St.prp. nr. 50 (2001-2002) gav Stortinget samtykke til å delfinansiere prosjektet rv 661 ny bru over Straumen i Skodje kommune i Møre og Romsdal med bompengar. Prosjektet var delt i fire byggetrinn for å spreie finansieringa over tid. Kostnadsoverslaget for

heile prosjektet var rekna til 224 mill. 2002-kr, der 113 mill. kr eller om lag 50 pst. var føresett finansiert med bompengar. Omrekna til 2010-prisnivå blir opphavleg kostnadsoverslag 310 mill. kr, medan føresett bompenggebidrag blir 156 mill. kr.

I St.prp. nr. 50 (2001-2002) var det lagt til grunn at bompengeselskapet skulle delfinansiere første byggetrinn, som omfattar ny bru over Straumen med tilførselsvegar til eksisterande veg og om lag 800 m ny veg på nordsida av brua. Resterande arbeid, dvs. andre, tredje og fjerde byggetrinn, var føresett finansiert ved statlege løyvingar innafor den fylkesfordelte ramma til øvrige riksvegar i Møre og Romsdal. I tillegg til å forskotere føresette statlege løyvingar til første byggetrinn, blei det også opna for at bompengeselskapet kunne forskotere statlege løyvingar til dei tre andre byggetrinna dersom økonomien i prosjektet skulle bli betre enn føresett.

Andre byggetrinn omfatta utbetring av dåverande rv 661 på strekninga mellom Straumsbrua og kryss med E39 på Digernesskiftet, inkl. nytt kryss og tunnel med tilførselsvegar. Tredje byggetrinn omfattar utbetring av dei gamle bruene som er av stor historisk verdi, medan fjerde byggetrinn omfattar miljø- og trafikksikkerleikstiltak i Skodje sentrum.

Første og fjerde byggetrinn er ferdigstilte. Det er gjennomført nokre mindre tiltak knytt til andre byggetrinn (om lag 10 mill. kr). I St.prp. nr. 50 (2001-2002) var kostnadsoverslaget for første byggetrinn vurdert til 198 mill. kr, omrekna til 2010-prisnivå. I ettertid har det vist seg at kostnaden blei 141 mill. kr, noko som inneber ein reduksjon på 57 mill. kr. Kostnaden for fjerde byggetrinn blei 18 mill. kr, dvs. ein auke på 4 mill. kr. Samstundes er kostnadsoverslaget for andre byggetrinn auka med om lag 50 mill. kr, frå 84 mill. kr til 134 mill. kr. Kostnadsoverslaget for tredje byggetrinn er uendra og utgjer om lag 14 mill. kr. Totalkostnaden for alle fire byggetrinna er etter dette rekna til 307 mill. 2010-kr, dvs. ein reduksjon på 3 mill. kr samanlikna med overslaget i St.prp. nr. 50 (2001-2002).

Etter forvaltningsreforma har Møre og Romsdal fylkeskommune teke over ansvaret for dei strekningane som utbygginga omfattar. Ved behandlinga av handlingsprogram "nye" fylkesvegar 2010-2013 for Møre og Romsdal har fylkeskommunen føresett at om lag 50 pst. av den samla utbygginga skal finansierast med bompengar. Attståande delar av andre og tredje byggetrinn er kostnadsrekna til 138 mill. 2010-kr. Fylkeskommunen har lagt til grunn at 55 mill. 2010-kr skal finansierast med bompengar. Dette vil gi eit samla

bompenggebidrag på 155 mill. kr, dvs. om lag som føresett til første byggetrinn i St.prp. nr. 50 (2001-2002). I tillegg kjem kostnader som følgje av forskotering av statlege og fylkeskommunale midlar.

Fylkeskommunen skal finansiere 83 mill. kr av den attståande utbygginga. I tillegg står det att å refundere 28,6 mill. kr til bompengeselskapet i 2011 og 2012. I 2010 blir det refundert 12,3 mill. kr. Vidare blei det refundert 12,3 mill. 2009-kr ved statlege løyvingar innafor den fylkesfordelte ramma til øvrige riksvegar for 2009. Statlege og fylkeskommunale midlar til prosjektet utgjer etter dette 137 mill. kr omrekna til 2010-prisnivå.

Med dei føresetnadene som låg til grunn for St.prp. nr. 50 (2001-2002), blei det rekna med ein bompengperiode på 15 år. Med delfinansiering av andre og tredje byggetrinn som føresett av fylkeskommunen, er det rekna med at innkrevjinga kan avsluttast i mai 2011. Dette er om lag åtte år tidlegare enn opphavleg føresett. Ei viktig årsak til dette er at trafikken har vore vesentleg høgare enn rekna med då bompengesaka blei lagt fram for Stortinget i 2002. I tillegg kjem gunstige rentevilkår og reduserte kostnader ved første byggetrinn.

Lånet til bompengeselskapet, inkl. kostnader til riving av bomstasjonar og tilbakebetaling av aksjekapital, var nedbetalt i mars 2010, med unntak av den delen av gjelda som skal refunderast av fylkeskommunen i 2011 og 2012. Bompengeselskapet har no kravd inn om lag 20 mill. kr utover finansieringa av første byggetrinn. Disse pengane er kravd inn i strid med det som framgikk av St.prp. nr. 50 (2001-2002), der prosjektet blei presentert for Stortinget. Samferdselsdepartementet finn det uheldig at forslaget om utviding av bompengeprogget til også å omfatte andre og tredje byggetrinn ikkje har blitt lagt fram for Stortinget tidlegare. Ein mellombels stans i bompenginnkrevjinga no, i påvente av behandling i Stortinget, vil i alle høve ikkje vere rasjonelt, jf. at det sjølv med delfinansiering av andre og tredje byggetrinn er rekna med at innkrevjinga kan avsluttast i løpet av eit halvt års tid.

Samferdselsdepartementet tilrår at Stortinget sluttar seg til eit opplegg som inneber at også andre og tredje byggetrinn av prosjektet fv 661 Ny bru over Straumen i Skodje kommune blir delfinansiert med bompengar. Kostnadene ved attståande delar av utbygginga er som nemnd, rekna til 138 mill. 2010-kr og føresett finansiert med 83 mill. kr i fylkeskommunale løyvingar og 55 mill. kr i bompengar.

Departementet føreset at eventuelle kostnadsoverskridingar knytt til gjennomføringa av attstå-

ande delar av andre og tredje byggetrinn blir finansierte i samsvar med gjeldande retningslinjer for bompengeprosjekt. Følgjeleg skal kostnadsauke på inntil 10 pst. ut over ordinær prisstigning, finansierast av fylkeskommunen og bompengeselskapet etter same fordeling som i finansieringsplanen for den attståande utbygginga. Dette inneber at fylkeskommunen skal finansiere 60 pst. og bompengeselskapet 40 pst. av ein slik auke. Kostnadsauke ut over 10 pst. er fylkeskommunen sitt ansvar. Tilsvarende skal innsparingar på inntil 10 pst. fordelast mellom fylkeskommunen og bompengeselskapet etter same fordeling som i finansieringsplanen for den attståande utbygginga. Innsparingar ut over 10 pst. skal godskrivas fylkeskommunen.

NO_x-kompensasjon for ferjer – presisering

NO_x-kompensasjon til fylkeskommunane blei redusert i samband med Stortingets behandling av Prop. 125 S/Innst. 350 S (2009-2010). I omtalen i Prop. 125 S (2009-2010) blei det opplyst at av reduksjonen på 9,9 mill. kr til fylkeskommunane er 7,1 mill. kr ein reduksjon i kompensasjonen til Nordland fylkeskommune. Summen på 7,1 mill. kr gjeld reduksjon i NO_x-kompensasjonen til Nordland fylkeskommune i tilknytning til fylkeskommunane sitt ansvar frå før forvaltningsreforma for lokale båtruter og fylkesvegferjer. I reduksjonen til fylkeskommunen på 9,9 mill. kr inngår det også ein reduksjon i NO_x-kompensasjon til Nordland fylkeskommune på 0,871 mill. kr i tilknytning til ferjene i det nye fylkesvegnettet. Denne presiseringa var ikkje teken med i omtalen i Prop. 125 S (2009-2010). Samla reduksjon i NO_x-kompensasjonen til Nordland fylkeskommune i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2010 blei derfor 7,971 mill. kr.

4 Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak

Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

Post 75 Kompensasjon til distrikta for skilnader i drivstoffprisar

Ved behandlinga av Prop. 1 S/Innst. 13 S (2009-2010) blei det løyvd 20 mill. kr til ei ny ordning med kompensasjon til distrikta for skilnader i drivstoffprisar. Organisering og regelverk var ikkje utgreidd da løyvinga blei vedteke. Ordninga er administrativt krevjande. Utforminga av ordninga er framleis ikkje ferdig. Før ordninga kan ta til å

gjelde må også forholdet til statsstøtteregelverket avklarast. I Prop. 125 S (2009-2010) blei det gjort greie for arbeidet med å innføre ordninga og at ho kunne ta til å gjelde tidlegast 1. oktober 2010. Løyvinga blei derfor redusert med 15 mill. kr.

Utforminga av ordninga og avklaringa med ESA er framleis ikkje på plass. Ordninga vil derfor ikkje kome i gang i 2010. På denne bakgrunn foreslår departementet at løyvinga på kap. 1330, post 75 Kompensasjon til distrikta for skilnader i drivstoffprisar, blir redusert med 5 mill. kr, til kr 0.

5 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

Kap. 1350 Jernbaneverket

Post 23 Drift og vedlikehald

På grunn av dei endra inntektsoverslaga på kap. 4350, post 02 Sal av utstyr og tenester mv., som er knytt til drift og vedlikehald, foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 1350, post 23 Drift og vedlikehald, med 50 mill. kr, jf. omtalen av kap. 4350, post 02.

Kap. 1351 Persontransport med tog

Post 70 Kjøp av persontransport med tog

I tilknytning til kjøpsavtalen har det har vore ein del uoppgjorde saker mellom Samferdselsdepartementet og NSB AS som partane har avklart med eit nulloppgjør. Dette gjeld m.a. avvik mellom avtalt trafikkvolum og produsert togtrafikk, avvikskostnader på Jærbana i samband med bygginga av dobbeltsporet Sandnes – Stavanger og avklaring av resultatbasert tilskot for tidlegare år. Nulloppgjøret inneber at løyvinga for 2010 kan reduserast. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1351, post 70 Kjøp av persontransport med tog, med 51,1 mill. kr.

Kap. 4350 Jernbaneverket

Post 02 Sal av utstyr og tenester mv.

Jernbaneverket har inntekter frå sal av varer og tenester. Det er knytt utgifter til desse inntektene. Inntektene varierer frå år til år, noko som gjer det vanskeleg å fastsetje nivået ved budsjetteringa.

Sal av varer og tenester har i 2010 vore høgare enn lagt til grunn ved fastsetjinga av budsjettet for 2010. Det auka salet har m.a. samanheng med høgare aktivitetsnivå i Jernbaneverket. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4350, post 02 Sal av utstyr og tenester mv., med 50 mill. kr.

6 Programkategori 22.10 Post og telekommunikasjonar

Kap. 1380 Post- og teletilsynet

Post 01 Driftsutgifter

Ein gjennomgang av budsjettet for 2010 viser at Post- og teletilsynet har behov for færre medarbeidarar enn tidlegare lagt til grunn. Dette inneber at etaten vil ha lågare lønnskostnader, mindre vikarbruk og mindre overtidssbruk. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på kap. 1380, post 01 Driftsutgifter, med 6,9 mill. kr, jf. også omtale under kap. 4380, post 01 Diverse gebyr.

	Mill. kr	
	Løyving 2009	Rekneskap 2009
Meirkostnader posttenester	345	308
Meirkostnader postkontornett/grunnleggande banktenester	226	213
<i>Sum meirkostnader ulønsame tenester</i>	<i>571</i>	<i>521</i>
- Einerettsoverskot	53	310
<i>Statleg kjøp</i>	<i>518</i>	<i>211</i>

Hovudårsaka til det reduserte behovet er at vinstane av kostnadseffektiviseringa kom tidlegare enn føresett og at Postens einerettsoverskot derfor auka. Det er òg nytta eit nytt og betre datagrunnlag for meirkostnadene for omdeling seks dagar i veka, og kostnader knytt til ekspedisjonsnett. Raskare konvertering til Post i Butikk har òg gitt ein positiv effekt. Departementet legg opp til at Posten i 2010 betaler tilbake overkompensasjonen for 2009 på 307 mill. kr.

Det er naturleg at Posten betaler renter for den summen som selskapet har fått utbetalt for mykje. Posten fekk utbetalt halve løyvinga for 2009 pr. 1. juli 2009. Resten av løyvinga blei utbetalt i andre halvår 2009. Dette er lagt til grunn ved utrekninga av berekna rentebeløp på 10,53 mill. kr. Dette inneber at Posten i 2010 skal tilbakebetale i alt 317,53 mill kr som følgje av overkompensasjon ved statleg kjøp av post- og banktenester i 2009.

Kap. 4370 Posttenester (ny)

Post 70 Tilbakebetaling post- og banktenester

I 2009 blei det løyvd 518 mill. kr på kap. 1370 Posttenester, post 70 Kjøp av post- og banktenester, jf. St.prp. nr. 67/Innst. S. nr. 355 (2008-2009). Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekning i tråd med dette systemet viser eit faktisk behov i 2009 for 211 mill. kr til kjøp av post- og banktenester. Dette er 307 mill. kr lågare enn den vedteke løyvinga for 2009.

Tabellen nedanfor viser endringane.

Departementet foreslår å løyve 317,53 mill kr på eit nytt kap. 4370 Posttenester, post 70 Tilbakebetaling post- og banktenester.

Kap. 4380 Post- og teletilsynet

Post 01 Diverse gebyr

Post- og teletilsynet er sjølvfinansierande. Dette tilseier at løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse gebyr, må reduserast med same beløp som løyvinga på kap. 1380, post 01 Driftsutgifter, dvs. 6,9 mill. kr.

I samband med lønnsoppgjeret for 2010 er Post- og teletilsynet tildelt 2,05 mill. kr over kap. 1380, post 01 Driftsutgifter. Som følgje av at etaten er sjølvfinansierande, skal løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse gebyr, aukast tilsvarande, jf. praksis tidlegare år.

På denne bakgrunn blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse gebyr, med 4,85 mill. kr.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Samferdselsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2010 under Samferdselsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1300		Samferdselsdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 125 857 000 til kr 128 107 000	2 250 000
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med frå kr 25 900 000 til kr 28 500 000	2 600 000
1320		Statens vegvesen:	
	23	Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., <i>kan overførast, kan nyttast under post 29, post 30, post 31 og post 72</i> , blir auka med frå kr 6 248 600 000 til kr 6 324 600 000	76 000 000
	30	Riksveginvesteringar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23, post 29, post 31 og post 72</i> , blir auka med frå kr 5 240 400 000 til kr 5 290 400 000	50 000 000
	72	Kjøp av fylkesvegtenester, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23 og post 30</i> , blir redusert med frå kr 435 300 000 til kr 432 580 000	2 720 000
1330		Særskilde transporttiltak:	
	75	Kompensasjon til distrikta for skilnader i drivstoffprisar, blir redusert med frå kr 5 000 000 til kr 0	5 000 000
1350		Jernbaneverket:	
	23	Drift og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 30</i> , blir auka med frå kr 4 647 000 000 til kr 4 697 000 000	50 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
1351		Persontransport med tog:	
	70	Kjøp av persontransport med tog, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ... frå kr 1 740 200 000 til kr 1 689 100 000	51 100 000
1380		Post- og teletilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 173 150 000 til kr 166 250 000	6 900 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4320		Statens vegvesen:	
	03	Refusjonar frå forsikringsselskap, blir auka med frå kr 29 000 000 til kr 80 000 000	51 000 000
4350		Jernbaneverket:	
	02	Sal av utstyr og tenester mv., blir auka med frå kr 189 000 000 til kr 239 000 000	50 000 000
(NY)			
4370		Posttenester:	
	70	Tilbakebetaling post- og banktenester, blir løyvd med frå kr 168 400 000 til kr 163 550 000	317 530 000
4380		Post- og teletilsynet:	
	01	Diverse gebyr, blir redusert med frå kr 168 400 000 til kr 163 550 000	4 850 000

II

Stortinget samtykkjer i at:

1. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å pådra staten forpliktingar knytt til gjennomføringa av prosjektet E39 Hjartåberga, innafor ei kostnadsramme på 541 mill. kr.
2. Bompengeselskapet får løyve til krevje inn bompengar til delvis finansiering av fv 661 Ny bru over Straumen i Skodje kommune, byggetrinn to og tre.
3. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga.

=====